



**Sak F 103/04: NOU 2004: 13: EIN NY ARBEIDS- OG VELFERDSFORVALTNING
OM SAMORDNING AV AETATS, TRYGDEETATENS OG SOSIAL-
TENESTENS OPPGÅVER**

Anr. 024 F &13

I FORMANNSKAPET

1. november 2004

Jan Kåre Aurdal, Olav Harald Ulstein, Jarle Tusvik, Renate Karlsen, Torbjørgh Midtgård,
Otto Magne Strømmegjerde, Petter Velle, Dag Flacké, Kristin R. Bjørnøy

Frp v/ Renate Karlsen sette fram slikt forslag:

Endring av siste linje i rådmannen sitt framlegg til; "men staten bør overta ansvaret for den økonomiske sosialhjelpa og sakshandsaminga knytt til denne.

Petter Velle sette fram forslag om eit slikt pkt. 4:

Det må vere realisme i dei endringane som vert gjort i overføringane til kommunane, i høve til endringane som vert gjort i organiseringa av desse oppgåvene.

Pkt. 1: Samrøystes vedtak: Som framlegget frå rådmannen

Pkt. 2: Samrøystes vedtak: Som framlegget, med endringa som foreslått av Renate Karlsen.

Pkt. 3: Samrøystes vedtak: Som framlegget frå rådmannen

Pkt. 4: Samrøystes vedtak: Som forslaget frå Petter Velle

VEDTAKET VERT DERMED:

1. Sykkylven kommune sluttar seg til måla for den aktuelle reforma:
 - a. fleire i arbeid og aktiv verksemd – færre på trygd og sosialhjelp
 - b. ei brukarretta velferdsforvaltning
 - c. ei effektiv velferdsforvaltning.
2. Sykkylven kommune sluttar seg elles til utgreiingsutvalet si tilråding om
 - a. ein etat for arbeid og inntekt
 - b. ein etat for pensjonarmen staten bør overta ansvaret for den økonomiske sosialhjelpa og sakshandsaminga knytt til denne.
3. Sykkylven kommune må elles peike på at dei gode intensjonane om samlokalisering av førstelinetenestene for dei to nye statlege etatane og sosialtenesta ikkje kan fungere og oppfyllest før det også i ei kommune som Sykkylven vert ei fast kontorordning for Aetat.
4. Det må vere realisme i dei endringane som vert gjort i overføringane til kommunane, i høve til endringane som vert gjort i organiseringa av desse oppgåvene.

Sykkylven, 2.11.04
Rett utskrift:

Eksp.:
ES

Eldbjørg Ramsvik
Eldbjørg Ramsvik



Sykkylven formannskap, sak nr 103/04
Helse- og sosialutvalet

NOU 2004: 13: EIN NY ARBEIDS- OG VELFERDSFORVALTNING - OM SAMORDNING AV AETATS, TRYGDEETATENS OG SOSIALTJENESTENS OPPGÅVER

Som vedlegg følger:

- Samandrag av utvalstilråding (s 13 – 28)

Bakgrunn for saka

Det ligg føre ei utgreiing omkring samordning av Aetat (arbeidsformidling), trygdekontorets- og sosialtenesta sine oppgåver. Nedsett utval har kome med ei tilråding som no er til høyring.

Saksopplysningar

Det vert her synt.til vedlegg. Frist for eventuell uttale er 1.11.04.

Kort resymert er tilrådinga frå det nedsette utvalet at:

- hovudansvaret for dei arbeidsretta oppgåvene vert samla i ein statleg etat. Dei arbeidsretta oppgåvene omfattar ei rekkje tenester og tiltak som arbeidsformidling, kvalifisering, attføring, reaktivisering av uføretrygda, oppfølging av sjukemelde, innsats overfor einslege forsørgjarar og intensjonen om eit meir inkluderande arbeidsliv.
- ansvaret for pensjonsytingar, familieytingar og helserefusjonar vert statleg og vert organisert i ein eigen etat.
- kommunane framleis skal ha ansvaret for den økonomiske sosialhjelpa og sosialkontoret. Det vert samtidig innført ein ny statleg arbeidssøklarstønad.
- det er ynskjeleg å få til stor grad av samlokalisering av førstelinetenestene knytt til dei to nye statlege etatane og sosialkontoret.

I Sykkylven har ein no ingen Aetat funksjon. Den er plassert på Stranda.

Sosialkontoret og Trygdekontoret er plassert i same bygning med kort avstand mellom desse to kontora.

Vurdering

Denne saka gjeld ei vurdering som har vore drøfta i lengre tid. Dagens ordning med arbeidsformidling, trygdesystem og sosialkontor inneber eit sektorisert system som ofte vedkjem dei same personane. Systemet medfører då ofte at personar vert kasteballar mellom dei ulike sektorane og det vert formelle hinder for å løyse konkrete saker knytt til same person.

Dei problemstillingar som går på betre samordning innanfor eit statleg system (A-etat – trygdesystem) bør primært verte ei sak som vert avklara på statleg hald. Oppretting av to statlege etatar for "arbeid og inntekt" og "pensjonar" kan i så fall vere ein grei måte å organisere dette på.

For Sykkylven må det elles vere viktig å presisere at det her i kommunen ikkje er nokon kontorfunksjon for Aetat. Det bør vere eit viktig moment å presisere når tilrådinga frå utvalet så klart legg til grunn ei samlokalisering for at det anbefalte systemet skal fungere etter intensjonen. Kontorfunksjonen sin storleik må då tilpassast behovet.



For kommunane vert truleg det sentrale spørsmålet kva som er mest tenleg for dei sosiale tenestene og om dette bør vere eit statleg eller kommunalt ansvar.

På eit generelt grunnlag kan ein tenkje seg to modellar:

- eit statleg ansvar for Aetat, trygd og sosialtenester
- eit kommunalt ansvar for dei same tenestene

Innanfor desse to hovudmodellane kan ein så tenkje seg mellomvariantar.

Det er neppe tvil om at både stat og kommune kan handtere alle desse tenestene med nødvendige ressursar. Å samle alle desse funksjonane i kvar kommune vil neppe vere rasjonelt fordi det vil stille for store krav til kompetanse, personell m.m. til å kunne verte effektivt. Behovet er elles ikkje så stort i alle kommunane.

Å samle alle tenestene i eit statleg system vil truleg vere enklare, men ein vil likevel få nye grenseområde mot kommunal verksemd.

Den modell utgreiingsutvalet har kome til i saka er ein mellommodell som i praksis ikkje inneber stor skilnad for kommunen.

Ein kan så stille spørsmål ved om kommunen ynskjer å overta meir av desse arbeidsområda eller om ein ynskjer at staten også i størst mogleg grad bør ta over sosialtenesta.

I ei slik vurdering kan ein ta utgangspunkt i ulike motiv/utgangspunkt:

- som kommune
- som tilsett
- som brukar

Sosialtenesta omfattar både dei konkrete tenestene som skal ytast, det økonomiske ansvaret for tenestene og ytingane og omsynet til dei tilsette og dei arbeidsplassar dette representerer.

Kommunane flest slit med økonomien og sosiale ytingar er vanskelege å berekne. Sykkylven kommune har over fleire år hatt betydelege meirutgifter til desse tenestene. Om dette er resultat av underbudsjettering eller svak budsjettstyring er vanskelegare å avklare. Sosiale ytingar er likevel ein post som er vanskeleg å styre.

Kommunen kan elles ynskje at flest mogleg tenester overfor innbyggjarane er kommunale, men i slike samanhengar opplever ein om lag ved kvart einaste høve at kommunane vert taparar ved slike endringar. Rådmannen trur likevel at den kommunale økonomien ville vere enklare å styre med eit statleg ansvar for økonomisk sosialhjelp.

Overtaking av andre tenester gjennom sosialtenesta (barnevern, psykisk utviklingshemma, psykiatri, frivilligsentralen, støttekontaktar, edruskapsvern m.m.) er ikkje tema i saka.

Omfanget av stillingsressursar i Sykkylven knytt til økonomisk sosialhjelp utgjer truleg om lag 1 årsverk. Ei statleg overtaking av økonomisk sosialhjelp vil slik sett innbefatte personell og økonomiske ressursar. Økonomisk sosialhjelp åleine utgjorde i 2003 ca kr 2,9 mill.

Personell knytt til økonomisk sosialhjelp ynskjer truleg framleis å vere tilsett i kommunen. Ei statleg overtaking av sosialteneste vil svekke fagmiljøet ved sosialkontoret.

Som brukar i dette samla systemet så er det truleg ikkje enkelt å forhalde seg til mange ulike sektorar og der det mellom alle impliserte sektorar er gråsoner og uklare ansvars- og myndeområde. Frå ein slik ståstad vil det truleg vere fordel i at flest mogleg av desse tenestene ligg under same forvaltningsnivå.



Dei argument utgreiingsresultatet har brukt for sin konklusjon om at kommunane framleis skal ha ansvaret for dei sosiale tenestene er for så vidt greie, men utvalet har elles i ei modellvurdering trekt fram ei rekkje reelle argument som talar sterkt for statleg ansvar for økonomisk sosialhjelp.

Det er argumentert med at innføring av ny arbeidssøkjarsøknad skal kunne skilje mellom sosialhjelpsmottakarar som kan ta arbeid og andre. Ein slik balansegang vert truleg ikkje enkel.

For å kunne sjå dei ulike tenesteområda i samanheng og samtidig legge det økonomiske ansvaret under same forvaltningsnivå så heller rådmannen til at staten burde overta ansvaret også for økonomisk sosialhjelp. Overføring av slikt ansvar burde ikkje skape vanskelegare avgrensingar mot andre sosiale tenester enn det ein allereie har i dag overfor Aetat og trygdekontoret.


På den andre sida vil ei statleg-gjering av sosialhjelpa svekkje fagmiljøet ved sosialtenesta og det tryggingssnett økonomisk sosialhjelp utgjør vil kunne svekkjast i høve til andre tenester som framleis skal vere kommunale.

Samla sett finn rådmannen å kunne slutte seg til utvalet si tilråding, men ein må då presisere at det sjølv i ei så stor kommunen ikkje er kontorfunksjon for Aetat. Utan slik kontorfunksjon vert det ein illusjon å tale om kor viktig det er med samlokalisering av førstelinetenestene for dei to nye statlege etatane og sosialkontoret.

Kommunen bør elles vere innforstått med at kontorfunksjonen for Aetat i Sykkylven må stå i forhold til behovet. Her er Sykkylven no i den situasjon at antal arbeidsledige er lågt, men dette er situasjonar som kan endre seg.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Sykkylven kommune sluttar seg til måla for den aktuelle reforma:
 - fleire i arbeid og aktiv verksemd – færre på trygd og sosialhjelp
 - ei brukarretta velferdsforvaltning
 - ei effektiv velferdsforvaltning.
2. Sykkylven kommune sluttar seg elles til utgreiingsutvalet si tilråding om
 - ein etat for arbeid og inntekt
 - ein etat for pensjonarog at kommunane beheld ansvaret for den økonomiske sosialhjelpa og sosialkontoret.
3. Sykkylven kommune må elles peike på at dei gode intensjonane om samlokalisering av førstelinetenestene for dei to nye statlege etatane og sosialtenesta ikkje kan fungere og oppfyllast før det også i ei kommune som Sykkylven vert ein fast kontorordning for Aetat.


Erling Solsletten
rådmann